

omedie. Diverre ler eg sjeldan.»
Håkon Tveit om *Den elskverdige sjefen*



Foto: Ymer Media

(ymer)

pskrifta, og smakar

litterære suksessane som ikkje var ført i pennen av Jane Austen. Noka sannferdig historie om det korte livet til den vidkjende forfatteren har ikkje regissør Frances O'Connor påstått at ho har laga, men basert på *Stormfulle høgder* kan ein kanskje gå ut frå at det til tider storma, i alle fall i det indre livet til Emily Brontë.

UHHISTORISK

Ein biografisk film vil alltid lena seg tungt på hovudrolleinnehavaren. Bra er det då at det er Emma Mackey som tolkar Emily. Ho maktar å gje djupn, register og kompleksitet som er forfriskande å sjå i ein slik type film. Dette er regidebuten til skodespelaren Frances O'Connor, så at rolletoing sit langt framme, er neppe tilfeldig. At ho er god på manus, kan vel også ha samanheng med erfaring framfor kamera.

Uansett vil eg seia at kombinasjonen av sterkt manus, knall skodespel, spennig kameraføring og endå meir spennig lydspor gjer at *Emily* klarar kunststykket å heva seg frå eit av mange periodedrama til eit av få verkeleg underholdande. At det er så lite historisk korrekt i sjølve forteljinga, dreg det sjølv sagt ned for min del, som ikkje er glad i at tuklinga med fakta vert gjort medvite.

Eg lét meg trass i dette imponera og underhald. At romansen mellom Emily og kapellane mest sannsynleg ikkje har skjedd, treng me jo ikkje vektlegga, all den tid me veit at dei kjende kvarandre. Ingen fantasi, ingen Heathcliff, ingen Kate Bush-hit – av og til treng ein nokre dosar kjærleik i koleraens tid.

BRIT AKSNES

Brit Aksnes er skribent, programskapar, kulturalarbeidar og fast filmmeldar i *Dag og Tid*.



Filmen er ein svart komedie om frykt og veltapar menneske møter i samband med raseforandringar. Foto: Hestib

SJÅ PÅ NETT NO

(Netflix) Så var også Noah Baumbach redusert til strømmetjenestane, med eit par heidarlege cinematakunntak i fjorjulsida. Den siste filmen hans, *White Noise*, er filmatisk fabelaktig og såleis skapt for stort lærret. Samtidig så har akkurat denne typen indiefilmer større sjans til å bli sett om dei hamnar på skjerm i staden, så kva kan ein seie? Don DeLillo's bokmursstein har vorte til ei morosamt koreografert kriesmaksimering av ei filmatisering, nydeleg spelt av Adam Driver og Greta Gerwig.

B. A.



Sigríð Husjörd spelar trikketønar. Foto: Cylinder Production

NATTRIKK PÅ KORTLISTA

Kortfilmen *Nattrikken* av regissøren og manusforfatteren Eirik Tveiten er nominert til kortlista for ein Oscar i kategorien beste kortfilm action. Kortfilmen konkurrerer med 15 andre filmar om den endelige nominasjonen, som vert offentleggjort 24. januar, skriv *Rushprint*.

Filmen, som vart spelt inn på Gråkallbana i Trondheim i desember 2019, handlar om ei kortvaksen kvinne som må ta ansvar for ein trikk på juleftan.

FÆRRE SØKJER FILMINTENSIV-ORDNINGA

Talet på filmprosjekt som søker støtte frå refusjonsordninga til filmbransjen, er halvert på eitt år.

– Det går i heilt feil retning, seier stortingsrepresentant Silje Hjemdal (Frp) til Klassekampen.

Ordninga gjev refusjon til internasjonale film- og seriefilmproduksjonar som skal spelast inn heilt eller delvis i Noreg. Døme på det er to *Mission Impossible*-film med Tom Cruise og HBO-serien *Succession*, som vart spelt inn på Sunnmøre i haust.

I 2021 var potten på 100 millionar kroner. På årets statsbudsjett er beløpet redusert til 40,9 millionar.

TEATER



Anitra Terese Eriksen spelar rolla som den unge Ruth. Foto: Marius Næss

Eit individ blant seks millionar

Lyrisk-musikalsk monotear varmar trass i det tragiske.

AKÅ PRODUKSJONER

ANNE-KAREN HYTTE:

Ruth Maiers dagbok – en trestemt monolog

REGI: ANNE KAREN HYTTE
SCENOGRAFI: CHRISTINE LOHRE
PRODUSENT: HILDE GRYTTE

Mykje på grunn av Jan Erik Volds vordnad og interesse for lyrikarkollegaen Gunvor Hofmo (1921–1995) har vi òg vorte klare over lagnaden til kjærasten hennar, den jødisk-austerrikske flyktningen Ruth Maier. Dei to everrike kvinnene fekk to år i lag i Noreg. Så vart Ruth Maier arrestert og send med lasteskipet «Donau» til Auschwitz, som ein av 529 jødar. Ho kom ikkje att. Dette hende 26. november 1942.

80-ÅRSMARKERING

Jødisk Museum i Oslo markerte 80-årsdagen for hendinga siste helga i november. Sundagskvelden denne helga kunne museet presentere premieren på ei teaterframsyning, hovudsakleg bygd på Ruth Maiers dagbøker, som i stor mon vart redda og bevarte etter Gunvor Hofmos død. Ho hadde gøymt på dei.

Over ein tiårsperiode, frå tidleg på trettitalet til byrjinga av krigen, får vi via skodespelar Anitra Terese Eriksen følgje ei reise med ei kreativ, glad ungjente full av framtidsplanar og kunstnarndraumar, uforferda trass i tøffe tider, der ho må forlate heimlandet og dra til Noreg og ei høgst usikker framtid. Møtet med Gunvor mognar

henne og styrker sjølvkjensla hennar, endå om Gunvor ikkje er eit lett menneske å leve saman med. Noko tyder på at dette berre gjer Ruth endå sterkare.

ETTERTENKSAMT

Anitra Terese Eriksen går med smilande glød inn i rolla som den unge Ruth, slik ho framstår av dagboknotata, og i kommentarande mellomstikk gjev ho dempa, ettertenksame uttrykk for tragedien bakom det heile. Her får vi òg så nydeleg formidla nokre av dei finaste

verselinene til Hofmo, skrivne av eit menneske som berre så altfor sterkt vart merkt av krigen. Georg Reiss på klarinett bidreg med atmosfærisk illustrerande tonefølge, det svingar verkeleg mellom skodespelar og muskar.

Framsyninga skal spelast om att på Jødisk Museum 22. januar og skal sidan på skuleturné. Vi får vite dei får spele leng.

BENT KVALVIK

Bent Kvalvik er filmarkivar og fast teatermeldar i *Dag og Tid*.

NYNORSK KULTURSENTRUM

Opplev dikt og songar frå mange tider og verdshjørne.

VELKOMEN TIL HAUGESENTERET

haugesenteret.no